

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99 38 66 30 eller e-post post@konesjonskraft.no

Valle, 03.08.2015

Innkalling til møte i KIKS - Styret *11.08.2015 kl. 08:00 i Sand i Ryfylke*

Program:

Måndag 10. august

Klokka 07.00 Avreise Kristiansand rutebilstasjon
Vi plukkar opp folk undervegs langs RV 9 mot
Haukeli

Vi har med enkel lunsj til turen!

Klokka 13.00 Vi kjem til Ryfylke Fjordhotell i Sand
Tur til Statkraft sitt anlegg i Ulla-Førre, og håpar
vêrgudane gir oss ein varm smeltesommar så vi
kjem oss heilt inn til Blåsjø og Storevassdammen

Klokka 19.00 Middag

Tysdag 11. august

Klokka 08.00 Styremøte, med miniseminar om Sira-Kvina. PFU deltek under heile møtet

Klokka 12.00 Lunsj – og heimreise



Gro Anita Mykjåland
styreleiar

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 48/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 49/15	Referatsaker
PS 50/15	Orienteringar Orienteringssaker
OS 8/15	Beredskapsplan - orientering til styret og PFU
PS 51/15	Status strategiplan
PS 52/15	Drøftingssaker
DR 3/15	Kraftgrunnlag Sira-Kvina
PS 53/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 54/15	Risikostrategi
PS 55/15	Endringer i saksmal
PS 56/15	Controllerfunksjonen
PS 57/15	Driftsutgifter-avklåring av prinsipp

Styret skal gjennomføre medarbeidersamtale med dagleg leiar og styreevaluering i løpet av styremøtet.

PS 48/15 Godkjenning av møteprotokoll

PS 49/15 Referatsaker

PS 50/15 Orienteringar

Orienteringssaker

Orienteringssaker

PS 51/15 Status strategiplan

PS 52/15 Drøftingssaker

DR 3/15 Kraftgrunnlag Sira-Kvina

PS 53/15 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 54/15 Risikostrategi

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
55/15	KIKS - Styret	11.08.2015

Endringar i saksmal

Dagleg leiar tilrår:

Saksmalen i ephorte får eit nytt punkt 2:

Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka?

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styreleiar og dagleg leiar har jamnlege møte der ein både går gjennom den daglege drifta og tek føre seg strategiske utfordringar. Samhandlinga mellom styret og dagleg leiing er og eit viktig tema i desse møta. Det er då vesentleg at den informasjonen som går frå administrasjonen til styret er presis og at den gjev styringskraft.

2. Saksopplysningar

Styreleiar ba i sist møte dagleg leiar om å sjå på den saksmalen som vi nyttar i ephorte og som altså denne saka er ramma inn av. Styreleiar utfordra dagleg leiar på å binde kvar sak saman med gjeldande strategiplan gjennom å legge til eit nytt punkt i malen.

3. Vurdering

Dagleg leiar meiner dette innspelet vil føre til at all saksbehandling blir knytt til det overordna politiske perspektivet i strategiplanen.

Forslaget frå dagleg leiar er eit nytt punkt 2 i gjeldande saksmal:

Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka?

Valle, den 31.07.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
56/15	KIKS - Styret	11.08.2015

Controllerfunksjonen

Dagleg leiar tilrår:

Controllerfunksjonen blir lagt internt på ein av dei tilsette i Konsesjonskraft IKS.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Spørsmål om controllerfunksjonen skal leggest internt på ein av dei tilsette i KIKS.

2. Saksopplysningar

Konsesjonskraft IKS skal etter risikostrategien ha controller, og har hatt ekstern controller sidan 1. desember 2011. Tenesta har i perioden vore kjøpt frå Aust-Agder fylkeskommune, og stillinga ivaretatt av Bent Sørensen i tilsvarandre 20 %.

I representantskapsmøte 12. desember 2014 blei det i sak 10/14 Økonomiplan 2014 – 2017, Budsjett 2015 vedtatt å ta vekk budsjettposten til controller frå 2016. Dette betyr ikkje at controllerstillinga skal takast vekk, denne er heimla i risikostrategien, men at ein må finne løysingar for å ivareta controllerfunksjonen.

Slik saka står nå, har ein to alternativ; halde fram med innkjøp av controllertenesta (såkalla ekstern controller) og med det ta med budsjettposten inn igjen på budsjett 2016, eller legge controlleroppgåvene på ein av dei tilsette i KIKS (såkalla intern controller).

3. Vurdering

Det fylgjer av risikostrategien i underkapitlet «Ansvar og kompetanse» at controller skal «sjå til at oppfølging og rapportering skjer i samsvar med reglementet». Det er med andre ord ingenting i reglementet som stenger for at controller kan vere tilsett i KIKS. Avgjerande er kva som er det beste for selskapet. Det er sjølvsagt fordelar og ulemper med ekstern controller, som det er med intern controller.

Spørsmålet er derfor om controllerstillinga skal leggest internt på ein av dei tilsette i KIKS.

Controller-oppgåvene er i dag knytt til krafthandel, ikkje andre interncontrolloppgåver. Dette inneber at controller ser etter at sikring skjer i samsvar med risikostrategi. I den utstrekning

KIKS også gjennomfører trading-handlar skal controller også ettersjå desse. Vidare skal controller vere delaktig på utvikling av risikostrategien, og ein viktig faktor for å redusere den administrative risikoen.

På den eine sida har det i ei startfase av finansiell sikringshandel (frå september 2009) vore nyttig at controller har vore ekstern og hatt evne til å sjå selskapet frå utsida. Dette har vore med på å utvikle risikostrategien og avdekke manglar ved den. Denne effekten er viktig også i framtida, då utvidinga med Vest-Agder har gitt KIKS nye utfordringar. Dette talar for at controlleren framleis bør vere ekstern.

Ein controller som er ekstern kan tenkast å ha større legitimitet enn ein intern. Det kan tenkast at ein ekstern controller lettare rapporterer om avvik, anten til styret eller til dagleg leiar. Denne tryggleiken talar også i for at controlleren bør vere ekstern.

Vidare kan eit lite selskap som KIKS ha stor nytte av «ei ekstra hand» dersom noko skulle skje som ein ikkje hadde rekna med. Den administrative risikoen er til dels stor i eit såpass lite selskap, og controller har fungert som ein viktig del av beredskapsplanen. Dette talar for at controlleren ikkje bør leggest intern til ein av dei tilsette, men framleis vere ekstern.

På den andre sida vil ein intern controller også kunne ivareta risikostrategien og sjå manglar ved denne på tilsvarende måte som ein ekstern controller. Ein som er tilsett i KIKS kjenner godt til behova selskapet har, og vil såleis vere i stand til å sjå korleis selskapet på best muleg måte skal ivareta rettane til kommunane/fylkeskommunane, også i samråd med Markedskraft. Særleg har dette kome fram ved utvidinga med Vest-Agder, der administrasjonen sjølv har utarbeidd ein tilleggssikringsstrategi for implementering av kraftvolumet til Vest-Agder. Ein intern controller vil på same måte som ein ekstern controller kunne bidra til utvikling av risikostrategien, og dette talar for at controllerstillinga bør leggest internt på ein av dei tilsette i KIKS.

Legitimiteten til ein intern controller er sjølv sagt ei utfordring, særleg i eit lite selskap. Ein er avhengig av tilnærma tette skott mellom krafthandlar og controller, at controller bygger sine egne kontrollark utan medverknad frå andre i administrasjonen, og at controller har rapporteringshøve til andre enn dagleg leiar. Når administrasjonen er så liten som vår, må controller ha rapporteringshøve direkte til styret, slik det også er per i dag. Dersom ein gjennomfører desse tiltaka som nemnt her, er det ikkje problematisk at controller er intern. Det er også viktig å tenke på at controller i mange tilfelle er intern, men at ein sikrar legitimiteten gjennom kontrollrutinar og rapporteringar. Dette talar for at controllerstilling bør leggest internt.

Den administrative risikoen er minka vesentleg ved utvidinga av administrasjonen. Ved innføringa av ekstern controller i desember 2011, hadde Konesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS 1,2 årsverk i administrasjonen. Ein var med andre ord svært sårbar dersom det skulle hende noko. I dag er situasjonen ein heilt annan; frå 1. august 2015 består administrasjonen av 4 årsverk, og den administrative risikoen er svært låg. Dette talar også i retning av at controlleren kan leggest internt.

Vidare er det i alle tilfelle kostnader knytt til kjøp av tenester. Budsjettet var på kr 300.000,-, i tillegg til reisekostnader og møtekostnader på om lag kr 25.000,-. Dette er pengar som heilt og fullt vil forsvinne ved intern controller, noko som også talar for at ein bør legge controllerfunksjonen internt.

Gjennom å ha ein intern controller sikrar ein i større grad effektivitet. Ein har controlleren på huset, og har høve til raskt og effektivt kontakte vedkommande. Ein kan også lettare ha internmøter jamleg. Dette med nærleik til controlleren er særleg viktig ved eventuell utviding

av controlleroppgåvene til også å omfatte internkontroll. Ein kan tenke seg ei slik utviding på sikt, dersom ein ser inn i glasskula. Det er opplagt at ein kan legge internkontrolloppgåver til ein intern controller på ein heilt annan måte enn ein ekstern controller, det vere seg daglege rutiner, gjeremål og liknande som er lettare for ein person i same kontorlokala å avdekke. Dette talar også for at ein bør legge controllerstillinga internt.

Konsesjonskraft IKS er avhengig av spennande arbeidsoppgåver for å tiltrekke seg spennande, kompetent arbeidskraft. Kontrolloppgåver av den slag som det her er tale om er med på å gi kvalitet og kompleksitet til arbeidsoppgåvene på ein slik måte at vi framleis er ein interessant arbeidsplass for nyutdanna så vel som erfarne arbeidssøkarar. Med KIKS sitt beste for framtida langt framme i blesa, er dette eit argument som tydeleg talar for at controllerstillinga bør leggest internt på ein av dei tilsette i KIKS.

Etter dette framstår det som fornuftig og formålstenleg å legge controllerstillinga internt på ein av dei tilsette i KIKS.

Valle, den 03.08.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
57/15	KIKS - Styret	11.08.2015

Driftsutgifter-avklåring av fordelingsprinsipp

Dagleg leiar tilrår:

Driftsutgiftene vert fordelt etter netto inntekt i kroner pr deltakar.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I samband med utviding av Konsesjonskraft IKS med 11 nye deltakarar frå Vest-Agder og etablering av eiga sikringsportefølje har verknadene av praksis for deling av driftsutgifter vorte sett i relieff. Dagleg leiar finn det difor naudsynt å fremje ei sak for styret.

2. Saksopplysningar

Praksis fram til og med 2013 har vore:

Driftsutgiftene har vore fordelt høvesvis etter storleiken på nettoinntekta til kvar deltakar for det einskilde året. Ein annan måte å seie det på: Kvar krone i nettoinntekt har vore fråtrukke x øre i driftsutgift.

Korleis har dette slått ut?

Bruttoinntekta for kvar kWh har vore like stor avdi konsesjonskrafta har vore prissikra i medhald av ein risikostrategi og at all vår konsesjonskraft er omsett fysisk på Nordpool spot i prisområde NO2. Det fører til at konsesjonskraft med låg kjøpspris vert belasta med marginalt større driftsutgift enn konsesjonskraft med høg kjøpspris.

Kva endrar seg frå 2014 til 2015?

Deltakarar frå Vest-Agder kjem inn med 293,467 GWH i tillegg til volumet i Aust-Agder som pr årsskiftet var på 566,125 GWH. Større volum gjer at driftskostnadene våre vert noko redusert pr kWh frå 2014 til 2015.

All konsesjonskraftkrafta vert framleis omsett fysisk på NordPool spot i prisområde 2, men vi har to finansielle porteføljer med ulik snittpris pr kWh.

Fordeling av driftsutgifter 2015				
		I GWh	Volumfordelt	Fordelt etter nettoinntekt
Vest-Agder portefølja		293,467	3 096 522	2 490 312
Aust-Agder portefølja		566,125	5 973 478	6 579 688
Sum		859,592	9 070 000	9 070 000
Fordelt etter nettoinntekt er henta frå godkjente budsjetter for 2015				

Tabellen syner at dersom ein skulle fordelt driftsutgifter etter volum, skulle Vest-Agder betalt meir enn når ein fordeler etter nettoinntekt. Denne skilnaden vil bli redusert og forsvinner heilt i 2018.

Andre moment:

Avdi det over tid må gjennomførast høvesvis meir prissikring og valutasikring for Vest-Agder portefølja, vil kostnader til gebyr vere større pr MW årskraft for Vest-Agder enn for Aust-Agder.

Dette kan ivareta rekneskapsmessig gjennom oppsplitting av utgiftskonti, men det er ikkje lagt inn i budsjett 2015.

Er det andre modellar for utgiftsfordeling som kan vere aktuelle?

Teoretisk kan ein legge til grunn porteføljefordelt bruttoinntekt, men etter mi vurdering samsvarar ikkje denne modellen med formuleringa i selskapsavtalen:

«Utgifter til administrasjon av Konesjonskraft IKS skal fordelast høvesvis på kommunane/fylkeskommunen etter storleiken på konesjonskraftinntektene det einkilde året.»

3. Vurdering

Det er altså de to ulike finansielle porteføljane som no har ulike verdier pr. kWh som tydeleggjer verknadene av det prinsippet som Konesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS har nytta til å fordele utgifter sidan 1984.

Dette er likevel sekundært og mellombels av di Konesjonskraft IKS i 2018 vil ha ei finansiell portefølje.

Det primære er at deltakarar med billigare konesjonskraft enn gjennomsnittet betaler marginalt meir i driftsutgifter pr kWh enn det deltakarar med dyrare konesjonskraft gjer. Dagleg leiar meiner at dette prinsippet samsvarar med prinsippavtalen og at det gjev dei rette incitamenta for den daglege verksemda i Konesjonskraft IKS.

Nokre døme på dette:

Arbeidet med å kvalitetssikre og vonaleg få redusert den individuelle konesjonskraftprisen på kraft frå kraftverk som er heimla i konesjonar før 1959 er arbeidssam og vert dekt av fellesskapet i Konesjonskraft IKS. Dersom vi lukkast med å redusere konesjonskraftprisen kjem det vedkomande deltakar til gode og fellesskapet får over tid attende noko av meirkostnaden som er lagt ned gjennom dette arbeidet.

Dersom vi lukkast med å få redusert sjølvkostprisen for konesjonskraft frå Sira-Kvina kraftselskap, vil det ha same effekten.

Valle, den 30.07.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar